

Instruks lokale valnemnder

§ 5-2

Sogn Sparebank

1 Instruks for lokale valnemnder §5-2 til banken si generalforsamling

1-1 Lokale valnemnder § 5-2 for generalforsamlinga sitt val

Generalforsamlinga vel tre lokale valnemnder for områda Aurland, Årdal/Lærdal og Vik. Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga, og skal veljast som følgjer:

LOKAL VALNEMND AURLAND	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald	1 representant	
Kundevald		1 representant
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd		1 representant
2. Varamedlem til valnemnd	1 representant	

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemne i valnemnda.
- Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til hovudvalnemnda i § 5-1.

LOKAL VALNEMND ÅRDAL/LÆRDAL	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald		1 representant
Kundevald		1 representant
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	
2. Varamedlem til valnemnd		1 representant

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemane i valnemnda.
- Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til hovudvalnemnda i § 5-1.

LOKAL VALNEMND VIK	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald		1 representant
Kundevald	1 representant	
Tilsettevald		1 representant
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	
2. Varamedlem til valnemnd		1 representant

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemane i valnemnda.
- Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til hovudvalnemnda i § 5-1.

1-2 Dei lokale valnemndene sitt arbeid

Dei lokale valnemndene skal koma med forslag til kundevalde representantar til generalforsamlinga og førebu val av desse. Dei lokale valnemndene skal òg hjelpa til med førebuing av offentlege valde representantar i sine kommunar.

Dei lokale valnemndene sine framlegg vert sendt hovudvalnemnda jf. § 5-1.

Lokal valnemnd skal:

- a) Velja leiar i lokal valnemnda for 2 år.
- b) Kundevalet, jf. banken sine vedtekter § 3-1, § 3-2, § 3-3 og § 3-4.
 - Retningslinjer for valbare kundar går fram av banken sine vedtekter § 3-3 og § 3-4.
 - Valperiode og tal medlemer frå kundar som skal veljast går fram av banken sine vedtekter § 3-4.
- c) Dei lokale valnemndene skal koma med framlegg på medlemer til styresamansetning.
 - For kvar styrekandidat det er gjort framlegg om skal det gjerast framlegg om to kandidatar, eit av kvart kjønn.
- d) Lokale valnemnder § 5-2 kjem med framlegg til hovudvalnemnda § 5-1 kven dei ynskjer som området sin representant og varamedlem i hovudvalnemnda.

HOVUDVALNEMND	Valperiode	
	1	2
MEDLEMAR		
Kommunevald/kundevalde	1 representant	2 representantar
Eigenkapitalbevisegarvald	1 representant	
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMAR		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	

- Kommune-/ kundevalde er ein person frå kvart område Aurland, Lærdal/Årdal og Vik.
- e) Lokal valnemnd er vedtaksfør når leiar i hovudvalnemnda og minst eitt medlem er til stades. Medlemene så langt det let seg gjere gjevast høve til å delta i handsaminga.
- f) Innstillingane frå lokale valnemnder til hovudvalnemnda skal liggja føre i god tid før kundeval og arbeidet til hovudvalnemnda skal ta til. Dette blir koordinert med leiar i hovudvalnemnda.
- g) Innstillingane blir gjort kjent for medlemene i generalforsamlinga og eigenkapitalbevisegarane på Sogn Sparebank sine nettsider samtidig med utsending av innkalling til generalforsamlinga per e-post. Eigenkapitalbevisegarar og medlemar av generalforsamlinga som ber om det, vil få innstillinga tilsendt per post.
- h) Det skal førast protokoll over vala. I protokollen skal førast:
- tidspunkta for vala,
 - valnemnda sin samansetnad,
 - resultatet av vala,
 - protokollen skal underteiknast av valnemnda sine medlemmer.